



## Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Til .....fastlege/sjukeheimslege i .....kommune

### INVITASJON TIL Å DELTA PÅ LOKALT NETTVERKSMØTE

**Du som lege er ein viktig samarbeidspartnar til ressursjukepleiarane. Me ynskjer difor å invitera deg til vårt lokale nettverksmøte for å fremje eit godt og tett samarbeid.**

Dato/tid:

Stad:

Tema me ynskjer å ta opp er:

- Korleis fremma samarbeidet sjukepleiar - lege sett frå legen sin ståstad ?
- Kva utfordringar møter ein som lege i arbeid med pasientar i palliativ fase?
- Kva moglegheiter ser du for vidare samarbeid med lokal ressursperson?

#### Informasjon om Nettverket:

Det er etablert eit nettverk av sjukepleiarar og fysio- og ergoterapeutar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna. Ressursjukepleiarane arbeider i heimesjukepleie, sjukeheimar eller sjukehus.

Målet er kompetanseheving, samhandling og samarbeid mellom ressurspersonar slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

Ressurspersonane har særskilt kompetanse innan kreft og palliasjon. Mange har vidareutdanning i kreftsjukepleie eller lindrande behandling. I tillegg får dei systematisk kompetanseheving gjennom samlingar i nettverket.

Nettverket av ressurspersonar er eit samarbeid mellom alle kommunane i Helse Fonna føretaksområde, Helse Fonna, Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, Kreftforeningen, Kreftomsorg Rogaland og Høgskulen på Vestlandet.

Nettverket har seks lokale nettverksgrupper og har lokalsamling to gonger i året. Kommunane rullerer på å vera vertskommune.

**Du som fastlege eller sjukeheimslege i denne vertskommunen er hjarteleg velkomen til lokalsamlinga for å dela erfaringar og diskutera korleis me kan få til godt samarbeid. Samhandling med fastlegar og sjukeheimslegar er eit fast punkt på agendaen, og dersom det kjem legar på lokalsamlinga, vert dette prioritert på saklista.**

Vennleg helsing

Grete Skeie Sørhus

Regional medarbeidar i Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

Kontakt meg dersom spørsmål: [grete.skeie.sorhus@vindafjord.kommune.no](mailto:grete.skeie.sorhus@vindafjord.kommune.no),

mobil 488 91 211

febr -17